



Uskedelingen Silje Margrethe Eik Gjerde (19) starta i første veka som konditorlærling hos Elins Matgleder her i bygda og om 2 år er fagbrevet klart. Få dagar før hadde ho fått fagbrev som bakar hos Peder Bakar AS - Landsbybakaren - på Halsnøy. Yrkeskarrieren til jenta er dermed svært spesiell ettersom ho nokre dagar før hadde teke fagbrevet i eit anna fag. Ho gjorde det med karakteren MEGET GODT.. Og ho er den første som har teke fagbrev hos Peder.

Ikkje rart at det no strøymar inn gratulasjonar både frå nær og fjern.

På bildet er ho saman med Peder Sjo Slettebø og prøvenemnda etter at resultatet var klart. Det var ikkje minst sjefen sjølv stolt over.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Privat